



Hjelmeland

Referat frå styremøtet 02.09.24

hos Bente Riskedal

Til stades: Palma Ommundsen, Bente Riskedal, Kirsti Flatø, Janneke Wijergangs, Kirsten Langvik, Brit Sæbø, Margrete Tytlandsvik ref.

Sak 1 Ryfest 07.09

Bygdekvinnelaget sel vaflar på Spinneriet. Styret og medlemmer stiller opp.

Sak 2 Haustprogrammet

29.09 Hausttakkefest i Hjelmeland kyrkje. Palma pyntar og representerar Bygdekvinnelaget.

02.10 Døvefamilien i Gåsdaalen/Harry. Harry Breiland fortel. Spinneriet kl. 19.00
Alle styremedlemmene tar med eit fat mat.

19.10. Frivillig torg. Kl.12 – 15. Me lagar og sel potetkaker. Brit tar med utstyr til steiking og kokar 3 kg poteter. Margrete handlar ingrediensar og 3 kg. poteter.

23.10 Årsmøte. På Spinneriet kl.19.00. Representantar frå Røde Kors underviser om førstehjelp. Matkomite, Kirsten frå styret. Valnemnd: Liv Inger, Aslaug K, Grethe G.O. Margrete sender digital medlemsliste til desse, i tillegg til valnemndbrosjyren frå NBK. På val er Leiar Palma, Kirsten, Janneke, varamedlemmene, eit medlem til valnemnda og revisor.

26.10 Lokallagsamling for lokallaga i Rogaland På Utsyn Judaberg. Hjelmeland vil senda inntil 10 medlemmer inkl. aktuelle frå styret (Janneke, Kirsti, Kirsten og Margrete). Margrete sender ut programmet når det er ferdig til alle medlemmene slik at interesserte kan melda seg.

14.11 Julepåleggskurs på Fister skule kl. 18.00 v/Aud Torunn Eide. Ho viser korleis ein lagar lammerull og sylteflesk. Alle lagar ein liten rull. Aud har også med ferdige smaksprøvar. Pris kr. 300 for medlem, kr 400 for ikkje-medlem, i tillegg kjem utgifter til smaksprøvar og eigen rull. Maks. 12 deltakarar. Påmelding til Kirsti innan 31.10.

12.12 Julemøte på Furutangen Randøy kl. 19.00. Bente er kontaktperson frå styret og tar påmelding innan 28.11